

## Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 10.04.2019

**Geir Angeltveit (V)** sette fram slikt forslag:

«Endring:

Utval for miljø og samferdsel vel å omprioritera på punktutbetring PS 39/19.

Ta ut:

Stord – Fv544 Leirvik - Intensivbelyst gangfelt i kryss mot Kv1076 Lønningsåsen	180 000
Meland - Fv247 Holme - Vegutbetring	5 000 000
Vaksdal - Fv314 Dale sentrum - Fortau med veglys	850 000

Ta inn:

Stord - Fv67 Litlabøvegen – G/s-tilbod langs vassleidningstrasé	6 000 000
---	-----------

Tiltak i Meland og Vaksdal som her vert tatt ut vert førsteprioritet for punktutbetring 2020.

Sekundært om forslaget fell:

Tiltak "38 Stord-Fv67 Litlabøvegen – G/s-tilbod langs vassleidningstrasé" vert prioritert i punktutbetring for 2020.»

### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke med 13 røyster mot Angeltveit sitt forslag som fikk 1 røyst (V) og fall. Angeltveit sitt sekundære forslag fekk 1 røyst (V) og fall.

### Vedtak

I sak om fordeling av ekstraløyving og tilskotsmidlar til trygg skuleveg, Hjertesone og punktutbetring, gjer Utval for miljø og samferdsel følgjande vedtak:

1. Ekstraløyvinga til trafikksikring på 42 mill. kr., vedtatt av fylkestinget i sak om årsbudsjett for 2019 (PS 106/2018), vert fordelt slik:

- Til trafikksikring- og punktutbetringstiltak i Kvamsbrekka (Lindås kommune), Langhøyane (Radøy kommune) og Kvednabekkjen bru på Opstveit i Matre (Kvinnherad kommune) vert det sett av høvesvis 5 mill. kr, 1 mill. kr og 1 mill. kr for 2019.
- Dei resterande 35 mill. kr. vert sett av til ramme for tilskotsordninga for trygg skuleveg, Hjertesone og punktutbetring.

2. Utval for miljø og samferdsel legg til grunn at trafikksikring- og punktutbetringstiltaka i Kvamsbrekka vert fullfinansiert over fylkesvegbudsjettet for 2020, med ei ny løyving på inntil 10 mill. kr.

3. Utval for miljø og samferdsel gir tilsegn om tilskot frå ordninga *Trygg skuleveg og punktutbetring* til følgjande tiltak:

Kommune	Omtale av tiltaket	Tildeling
Askøy	Fv216 Kleppevegen - Intensivbelyst og universelt utforma fotgjengarovergang	408 000
Askøy	Fv216 Kleppevegen v/Amfi og Kleppe skule - Intensivbelyst fotgjengarkryssing,	233 000
Askøy	Fv563 Florvåg - Intensivbelyst og universelt utforma fotgjengarovergang	440 000
Austevoll	Fv546 Hundvåkøy - Fotgjengarovergang ved 5-arma rundkøyning	700 000

<b>Austrheim</b>	Hjertesone Kaland barne- og ungdomsskule - 350 m fortau frå busslomme til skulen	1 550 000
<b>Bergen</b>	Hjertesoneskilt til 66 barneskular i Bergen	536 600
<b>Etne</b>	Hjertesone Enge skule - Fotgjengarovergang Holmavegen	227 400
<b>Fitjar</b>	Fv545 Fitjarsjøen - Fotgjengarovergang	300 000
<b>Kvinnherad</b>	Hjertesone Undarheim skule - Opphøgd fortau, lyssetting og kryssingspunkt	785 000
<b>Kvinnherad</b>	Fv48 Korsneset - Tilrettelegging av kryssingspunkt, forlenging av belysning	275 000
<b>Kvinnherad</b>	Hjertesone Halsnøy skule - Kryssingspunkt på Eidsnesvegen	250 000
<b>Lindås</b>	Hjertesone Eikanger skule - Avsleppingssone (vendesløyfe) og fortau	2 000 000
<b>Lindås</b>	Fv57 - Kantsikring g/s-tilbod Knarvik-Isdalstø og dekkefornyng gangveggar	2 000 000
<b>Masfjorden</b>	Fv570 Mjanger-Hope - Punktutbetring, møteplassar/passeringslommer	3 100 000
<b>Meland</b>	Fv247 Holme - Vegutbetring	5 000 000
<b>Osterøy</b>	Fv567 Småland - Gang- og sykkelbru	3 300 000
<b>Osterøy</b>	Fv369 Hatlandsskiftet - G/s-tilbod parsell 1	2 500 000
<b>Samnanger</b>	Fv7 Ådland - Intensivbelyst fotgjengarkryssing. Fv48 Øystebø - Vegbelysning	500 000
<b>Stord</b>	Fv544 Leirvik - Intensivbelyst gangfelt i kryss mot Kv1076 Lønningsåsen	180 000
<b>Sund</b>	Fv202 Kausland-Glesnes – G/s-tilbod m/ veglys til ny skule	2 500 000
<b>Sveio</b>	Fv 541 Vikse skule-Straumen – G/s-tilbod m/ veglys	4 000 000
<b>Ullensvang</b>	Fv108 Husevegen - Fortau langs skuleveg	1 350 000
<b>Vaksdal</b>	Fv314 Dale sentrum - Fortau med veglys	850 000
<b>Vaksdal</b>	Fv569 Straume skule - Veglys og utbetring av busslomme	500 000
<b>Vaksdal</b>	Hjertesone Vaksdal skule	60 000
<b>Voss</b>	Fv307 Palmafossen skule - Kryssutbetring og busslomme med fortau, gangfelt og intensivbelysning	2 000 000
<b>SUM</b>		<b>35 545 000</b>